



OPPGÅVEFELLESSKAP

AVTALE OM TVERRKOMMUNALT SAMARBEID OM ROLLA TIL KOMMUNANE SOM BARNEHAGEMYNDE

I RISIKOVURDERING OG GJENNOMFØRING AV TILSYN 2024 – 2030

Vindafjord kommune

Sauda kommune

Suldal kommune



Revidert mars 2025





Avtalens partar og formål

1. Partane til avtalen er Sauda kommune, Suldal kommune og Vindafjord kommune (frå no av kalla partane).
2. Hovudføremålet med avtalen er:
 - a. Sikre likebehandling og sjølvstende ved gjennomføring av tilsyn § 11 i barnehagelova.
 - b. Bidra til å støtta felles utvikling og kunnskap om rolla til kommunen som lokal barnehagemynde.
 - c. Styrke kommunen sitt systematiske ROS-arbeid og kompetanse ved rettleiing og tilsyn.
3. Avtalen gjeld frå 1. desember 2024 og rullerer så lenge partane opplever det føremålstenleg, ny revidering innan 30. november 2030.
 - a. Kvar enkelt kommune kan når som helst avslutta samarbeidet og seia frå seg avtalen med 6 månaders oppseiingstid.
 - b. Ein kommune som seier frå seg samarbeidet vil framleis kunna ha økonomiske forpliktingar som er regulerte i avtalen og tilhøyrande rutinar. Desse forpliktingane skal seinast stansa seks månader etter oppseiinga.





Tilsynsnettverk

4. Kommunane samarbeider om tilsynsnettverk med følgjande deltaking og rammar:
 - a. Deltakarar
 - i. Barnehagefaglege rådgjevarar i Sauda og Suldal og barnehage- og skulesjef i Vindafjord.
 - ii. Det er ikkje høve til å utnemna vararepresentantar.
 - b. Rammer
 - i. Tilsynsnettverket har eitt fysisk møte i året (sjå årshjul som vedlegg)
 - ii. Tilsynsnettverket gjennomfører ei heilskapleg risikovurdering av alle barnehagane i nettverket og samarbeider om tre ulike former for tilsyn. Ansvar for oppfølging av barnehagar etter eit tilsyn, ligg hos kommunen barnehagen er plassert i.
 - **Dokumenttilsyn** (skriftleg tilsyn). Val av tema og barnehagar baserer seg på risikovurderingar. Innlevert dokumentasjon dannar grunnlaget for tilsynsrapporten.
 - **Stadleg tilsyn**. Det blir gjennomført stadleg tilsyn i utvalde barnehagar på bakgrunn av risikovurderingar. Innlevert dokumentasjon, saman med referat frå intervju/samtalar, dannar grunnlaget for tilsynsrapporten.
 - **Hendingsbasert stadleg tilsyn med og utan varsel** blir gjennomført på bakgrunn av hendingar som blir vurderte som høgrisiko. Kommunen som avdekkjer hendinga, kallar inn til hastemøte i tilsynsnettverket. Kva som dannar grunnlag for tilsynsrapporten avheng av forma til tilsynet. Tilsynsrapport skal utarbeidast.
 - iii. Tilsynsnettverket stiller følgjande krav til kompetanse ved deltaking og gjennomføring av tilsyn:
 - Fullført kurs i Utdanningsdirektoratets kompetansepakke «Grunnkurs i tilsynsmetode»
 - Kjennskap og bruk av Utdanningsdirektoratets metodehandbok.
 - iv. Avtalen blir evaluert kvart sjette år av kommunalsjefane, på vegne av kommunedirektørane. Avtalen blir signert på ny ved vesentlege endringar i teksten.
5. Mandatet for tilsynsnettverket
 - a. Tilsynsnettverket har ein rådgjevande funksjon
 - b. Tilsynsnettverket skal følgja opp og halda ved like eit felles system for registrering av hendingar og avvik som grunnlag for risikovurdering. Vedlegg B beskriv aktuelle kjelder.



- c. Tilsynsnettverket gjennomfører ROS analysar med utgangspunkt i registreringar. (Punkt 5b)
 - d. Tilsynsnettverket skriv referat med følgjande innhald frå møta:
 - i. Oversikt over barnehagar med sannsyn for regelverksbrot, basert på risikoanalyse.
 - ii. Vurdering av konsekvensen av brot på regelverket og ei tilråding om tilsyn eller rettleiing.
 - iii. Ved tilsyn skal det komma fram kva paragrafar det skal først tilsyn på.
 - e. Tilsynsnettverket har ansvar for godkjenning av barnehagar, der Sauda/Suldal godkjenner Vindafjord, Sauda/Vindafjord godkjenner Suldal og Suldal/Vindafjord godkjenner Sauda. Alle kommunar har søknadsskjema på heimesida som igjen blir sendt direkte til behandlande kommune.
 - f. Tilsynsnettverket har ansvar for søknad om dispensasjon frå pedagogkravet, der Sauda/Suldal godkjenner Vindafjord, Sauda/Vindafjord godkjenner Suldal og Suldal/Vindafjord godkjenner Sauda. Alle kommunar har søknadsskjema på heimesida som igjen blir sendt direkte til behandlande kommune.
6. Ei liste over dei med delegert mynde til å gjera vedtak om igangsetjing av tilsyn er finne i vedlegget til avtalen D og referat skal delast med desse.
7. Gjennomføring av tilsyn
- a. Stadleg varsla tilsyn har tre fasar:
 - 1. førebuingssfasa
 - 2. undersøkingsfasa
 - 3. avslutningsfasa.
 - b. Tilsynet blir gjennomført av rådgjevar/barnehage og skulesjef frå samarbeidskommunane som ikkje er under tilsyn der Sauda/Suldal har tilsyn i Vindafjord, Sauda/Vindafjord har tilsyn i Suldal og Suldal/Vindafjord har tilsyn i Sauda.

Anna

- 8. Partane er bunde av teieplikt knytt til alle forhold der ikkje offentleglova krev offentleggjing av opplysningar/informasjon. Den som utfører tilsyn i ein annan kommune enn den vedkommande jobbar i signerer teielovnad.
- 9. Partane i avtalen må sørja for at registrering og elektronisk behandling av opplysningar er i tråd med GDPR-krav. Det krev at registrering er objektiv og ikkje inneheld personsensitive data.
- 10. Partane i samarbeidet bør avgrensa deling av informasjon til eit omfang som er formålstenleg til å kunna gjennomføra gode risikoanalysar.



Vindafjord//Sauda//Suldal, den 12.03.25

Vindafjord kommune	Sauda kommune	Suldal kommune
Yngve Folven Bergesen 	Vegard Thise 	Karin Dokken Austvik 
Kommunedirektør	Kommunedirektør	Kommunedirektør
Mobil: 95 86 36 91	Mobil: 91 72 48 80	Mobil: 95 72 61 14
yngve.bergesen@vindafjord.kommune.no	vegard.thise@sauda.kommune.no	karin.dokken.austvik@suldal.kommune.no

- Vedlegg A: Deltaking i samarbeid om barnehagemynde
- Vedlegg B: System for registrering av hendingar/avvik/informasjon og gjennomføring av risikovurderingar
- Vedlegg C: Agenda for møte i tilsynsnettverket
- Vedlegg D: Oversikt over personar ansvarlege for opning av tilsyn, førebels rapport og endeleg rapport og påleggsbrev etter tilsyn.





Vedlegg A: Deltaking i samarbeid om barnehagemynde

Samarbeidet omfattar 20 barnehagar, fordelt på kommunane som følgjer:

Sauda kommune	Suldal kommune	Vindafjord kommune
Rustå barnehage	Stølane barnehage	Bjoa barnehage
Veslefrikk barnehage	Sand barnehage	Sandeid barnehage
Leabøen barnehage	Jelsa oppvekstsenter avdeling barnehage	Vågen barnehage
Brakamoen barnehage SA	Vanvik oppvekstsenter avdeling barnehage	Nausthaugen barnehage
	Kjølvikstølen barnehage	Imsland barnehage
	Vinjar barnehage	Skjold barnehage
	Stølane barnehage	Vikedal FUS-barnehage
		Vikebygd barnehage
		Ølensjøen FUS-barnehage
4 barnehagar 21%	6 barnehagar 32 %	9 barnehagar 47 %

Kommunane bidreg med arbeidsinnsats til tilsynsverksemd i tråd med prosentdel over tid.

Vindafjord//Sauda//Suldal den 12.03.25

Vindafjord kommune	Sauda kommune	Suldal kommune
		
Kommunedirektør	Kommunedirektør	Kommunedirektør



Vedlegg B: System for registrering av hendinger/avvik/informasjon og gjennomføring av risikovurderingar

Deltakande kommunar forpliktar seg til å registrera hendinger/avvik/informasjon som kan gi eit godt grunnlag for å gjennomføra ei risikovurdering av barnehagane i regionen.

Følgjande informasjon vil vera relevant for risikovurderingane til kommunen:

- BASIL
- Opptak
- Årsplanar
- Vedtekter
- Foreldreundersøkinga
 - o Manglande deltaking frå foreldre
 - o Resultatet frå foreldreundersøking, kategoriar der avviket er større enn 0,3 frå landsgjennomsnittet.
- Klagesaker og bekymringsmeldingar
 - o Foreldre (og andre) skal ha moglegheit for å senda inn bekymring/klager via nettsidene til kommunen.
- Møtepunkt for tilsette, styrar og eigar
 - o Manglande deltaking på styrarsamlingar
 - o Manglande deltaking i kommunale satsingar/fagleg arbeid
- Kjennskap til barnehagane
- Medieoppslag og sosiale media
 - o Sosiale media, aviser
- Informasjon frå tidlegare tilsyn

Denne risikomatrissa eller matrise i Compilo internkontrollsystem blir brukt:



ROS skjema for _____ Dato: _____

Utviklingsarbeid - mangelfull

Svært stort sannsyn					
Stort sannsyn					
Moderat sannsyn					
Lite sannsyn					
Svært lite sannsyn					
	Ubetydeleg konsekvens	Låg konsekvens	Moderat konsekvens	Alvorleg konsekvens	Svært alvorleg konsekvens

Aktivitetsplan – trygt og godt

Svært stort sannsyn					
Stort sannsyn					
Moderat sannsyn					
Lite sannsyn					
Svært lite sannsyn					
	Ubetydeleg konsekvens	Låg konsekvens	Moderat konsekvens	Alvorleg konsekvens	Svært alvorleg konsekvens

Pedagognorm

Svært stort sannsyn					
Stort sannsyn					
Moderat sannsyn					
Lite sannsyn					
Svært lite sannsyn					
	Ubetydeleg konsekvens	Låg konsekvens	Moderat konsekvens	Alvorleg konsekvens	Svært alvorleg konsekvens



Profesjonsfellesskapet-

Svært stort sannsyn					
Stort sannsyn					
Moderat sannsyn					
Lite sannsyn					
Svært lite sannsyn					
	Ubetydeleg konsekvens	Låg konsekvens	Moderat konsekvens	Alvorleg konsekvens	Svært alvorleg konsekvens

Spesialpedagogisk hjelp

Svært stort sannsyn					
Stort sannsyn					
Moderat sannsyn					
Lite sannsyn					
Svært lite sannsyn					
	Ubetydeleg konsekvens	Låg konsekvens	Moderat konsekvens	Alvorleg konsekvens	Svært alvorleg konsekvens

Overgang barnehage- skule

Svært stort sannsyn					
Stort sannsyn					
Moderat sannsyn					
Lite sannsyn					
Svært lite sannsyn					
	Ubetydeleg konsekvens	Låg konsekvens	Moderat konsekvens	Alvorleg konsekvens	Svært alvorleg konsekvens



[Eigenrapporteringskjema](#) for barnehagane som er grunnlag for ROS arbeidet i tilsynsnettverket. Denne vert sendt ut to gonger i året.

I tillegg i forkant av kvalitetsdialogen i desember/januar kvart år må styrarar sende inn utvida eigenrapporteringskjema som også inneheld andre område utover barnehage – og skulemiljø.

Vedlegg C: Agenda for årleg møte i tilsynsnettverket

1. Munnleg rapport frå kvar kommune knytt til perioden frå førre møte. (Runden rundt)
2. Gjennomgang av føreliggjande tilsynsrapportar og forslag til vedtak. Tilsynsrapportar bør sendast ut til tilsynsnettverket minst ei veke før møtet.
3. Gjennomgang av nye opplysningar registrert i databasen.
4. Gjennomføra vurdering av behov for oppfølging (rådgjeving/tilsyn) av barnehagar i regionen.
 - Planleggja og utarbeida tilsynsplan for tilsyn som blir tilrådd.
5. Kompetanseheving. Me set søkjelyset på utvalde delar av arbeidet ved barnehagemynde. Ta utgangspunkt i eit innlegg/presentasjon (ekstern eller intern), for så å gå inn i drøfting rundt presentert tema.

Møteplan og rullering av ansvar for organisering og gjennomføring av møtet:

Møtedato:	Møteleder:	Referent:
Mars 2025	Suldal	Sauda
Mars 2026	Sauda	Vindafjord
Mars 2027	Vindafjord	Suldal
Mars 2028	Suldal	Sauda
Mars 2029	Sauda	Vindafjord
Mars 2030	Vindafjord	Suldal

→ Held fram i same rotasjon åra etter.



Vedlegg D: Oversikt over personar ansvarlege for opning av tilsyn, førebels rapport og endeleg rapport og påleggsbrev etter tilsyn.

Vindafjord kommune	Sauda kommune	Suldal kommune
Yngve Folven Bergesen 	Vegard Thise 	Karin Dokken Austvik 
Kommunedirektør	Kommunedirektør	Kommunedirektør
Mobil: 95 86 36 91	Mobil: 91 72 48 80	Mobil: 95 72 61 14
yngve.bergesen@vindafjord.kommune.no	vegard.thise@sauda.kommune.no	karin.dokken.austvik@suldal.kommune.no